Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua. Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

Kyrkja i Voss
Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,
www.voss.kyrkja.no “Trusopplæringa i Voss”
Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)

STØRST AV ALT
VOSS

# Velkomen til

# T12 / T13-dag!

# Miljøagentane!

**Fredag 22. august,
rett etter skuletid.
Oppmøte i Oppheim kyrkje.
Ferdig kl. 18:00.**

# Velkomen til T12 / T13-dag for deg som er fødd i 2012 og 2013.

**Fredag 22. august, rett etter skuletid,** er du invitert til trusopplæringsdag i, og rundt Oppheim kyrkje.
Denne dagen har miljø og skaping som tema.

Me lærer om skapelsen, og om korleis me kan ta vare på jorda og naturen, gjennom leik og ulike eksperiment. Me skal vera både inne og ute, så kle dykk etter været.

Det vert servert hamburger og kanskje noko attåt...

Gje beskjed:
- om barnet treng spesiell tilrettelegging.
- om barnet har mjølk-/gluten-/eggallergi eller liknande.
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greit at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett e.l.

Me treng alltid hjelp til praktiske ting. Er det nokon vaksne som vil vera med på denne kjekke dagen? Gi beskjed ved påmelding. Ta gjerne kontakt for meir info.

**Kle deg etter været. Me vert mykje ute.**

**Påmelding innan onsdag 20. august.**
Sms til Åshild Bøe Kharazmi, 952 98 681.